

# Pressemelding

18.12.2017

## Historisk møte for det nye Vestland fylke

**Samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane til eitt stort Vestland fylke er i gang. Fellesnemnda, samansett av fylkesutvala i dei to fylka, møttest for første gong i Bergen i dag.**

– Dette er eit historisk møte. Det er no den store jobben byrjar. Vi skal ha gode samtalar framover og jobbe for at vi får ein god prosess fram mot samanslåinga til eit stort vestland fylke 1. januar 2020, seier fylkesordførarane Anne Gine Hestetun og Jenny Følling.

Fellesnemnda har vedteke å jobbe vidare med forslag til fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen og få framlagt eit forslag til nytt fylkesvåpen i tredje kvartal neste år.

– Det nye fylkesvåpenet skal vere eit samlande symbol for dei to fylka og vere eit visuelt uttrykk for vår felles identitet, seier fylkesordførar Anne Gine Hestetun.

Fellesnemnda vedtok å setje ned eit arbeidsutval med fire representantar frå kvart fylke. Vidare vedtok fellesnemnda å starte prosess med å tilsetje prosjektleiar for samanslåinga. Prosjektleiaren skal bli fylkesrådmann for den samanslegne fylkeskommunen frå 1. januar 2020. Fellesnemnda har og vedteke møteplan for 2018 og budsjett for samanslåingsprosessen. Neste møte i fellesnemnda blir 7. og 8. mars i Leikanger.

19. januar er dei fire vestland fylka invitert til møte i departementet for å drøfte namnet på det samanslegne fylket.

– Fylkestinga våre har gjort vedtak om at namnet på det nye fylket er Vestland. Vi drar til departementet med dette som utgangspunkt, seier fylkesordførar Anne Gine Hestetun.

[Meir informasjon om fellesnemnda](#)

### **Kontaktpersonar:**

Fylkesordførar Anne Gine Hestetun, Hordaland fylkeskommune, mobil 995 64 643

Fylkesordførar Jenny Følling, Sogn og Fjordane, mobil 479 05 990